

Lindås kommune  
Byggjesak  
v/Knut Bjørnevoll  
Kvernhusmyra 20  
5914 ISDALSTØ

Vår referanse: 0816-B04\_2  
Bergen, 19.12 2016

## LINDÅS KOMMUNE – EINING FOR TEKNISK DRIFT. VASSLEIDNING KLEIVDAL-FAMMESTAD. GNR. 206 BNR.1 M.FL. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN – BYGGING I LNF- OMRÅDE.

Visar til Dykkar brev av 25. november 2016 med krav om tilleggsopplysningar til søknad om rammeløyve (snr. 16/3634 – 16/32382).

På vegne av Lindås kommune – Eining for teknisk drift søker vi om dispensasjon frå kommuneplanen til å leggje vassleidning gjennom LNF-område. Dette gjeld mellom Storavatnet og Mørketjørna.

### Omfang på arbeid:

1. borehol gjennom fjell til Storavatnet vil bli utført frå terreng, sør for Høylandsvegen på Søreidet
2. fram til Høylandsvegen vil røyrleidningsgrøft bli grava i terreng med om lag lengde 13m.
3. vassleidning vil krysse under Høylandsvegen ved å presse eit stålrøyr i massar under vegbanen.
4. røyrleidningsgrøft gravast vidare om lag 78m i skogsveg
5. fram til Mørketjørna gravast grøft i terreng av myr/gjengrodd vatn i ein lengde på rundt 86m. Dagens bekkefar til Mørketjørna vil bli oppretthaldt som i dag.

Terreng vil bli reetablert etter røyrlegging. Jordmassar frå anlegget vil bli utplanert slik at vegetasjon kan naturleg blir etablert over røyrtrase. Berre to kumlukk vil vere synleg etter vegetasjon har vekst fram etter 3-5 år.

Etter avtale mellom Lindås kommune og grunneigar skal skogsveg vil bli reetablert med grusdekke. Dette for å sikre god framkomst for traktor til skogareal på gnr/bnr. 206/1.

Vassleidningen vil bli ein del av hovudnettet i Lindås kommune og sikrar vassforsyning til Høgdebasseng på Kløvheim.

### Definisjon av omfang:

1. 1980m vassleidning i Storavatnet
2. 290m vassleidning i borehol gjennom fjell mellom Storavatnet og Høylandsvegen
3. 180m vassleidning i grøft langs skogsveg og i terreng fram til Mørketjørna
4. 540m vassleidning i Mørketjørna
5. 110m vassleidning i kanal mellom Mørketjørna og Tveitavatnet

6. 3050m vassleidning i Tveitavatnet og Hegernesvatnet
7. 70m stikkledning (63mm) til bustader langs Høylandsvegen

Naturmangfald i rørtrase er vurdert og rapport er vedlagt.

Spørsmål til søknaden kan rettes til underteikna (tlf. 55 59 82 64/e-post thor-henrik@haugen-vva.no) eller Eining for teknisk drift v/Atle Dingen (tlf. 56 37 56 85).

Varsel om dispensasjonssøknad er send til naboar 29. november 2016. Vi har ikkje mottatt merknadar til dispensasjonssøknaden frå naboar til tiltaket.

Vi vonar om at søknaden gir tilstrekkeleg tilleggsinformasjon for sakshandsaming av rammeløynet.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Vedlegg:

NNI-rapport NR. 472 – Vannledning Kleivdal-Fammestad i Lindås kommune. Tema naturmangfold – vurdering av verdier og virkninger  
Nabovarsel

Kopi av brev og vedlegg:

Lindås kommune, Teknisk drift v/Atle Dingen